

A photograph of a waterfall cascading over dark, jagged rocks. The water is blurred, creating a sense of motion. The scene is set in a natural, rugged environment.

# ENDRING I SKATT PÅ KRAFTPRODUKSJON

Eigarmøte, Sogn og Fjordane Energi


10. oktober 2022



**SFE**

# Agenda

- Om endring i skatt på kraftproduksjon
- Konsekvensar for SFE og eigarane
- Tiltak og vidare prosess
- Eventuelle spørsmål og drøfting



Ei betydeleg svekking av lønnsemd, verdiskaping  
for eigarane og insentiv for investeringar

Ei ytterlegare omfordeling av verdiskaping  
frå eigarane til staten

# Vasskrafta bidreg allereie betydeleg til fellesskapet

- Vi støttar at verdiskaping frå felles naturressursar kjem fellesskapet til gode gjennom grunnrenteskatt
- Men vasskrafta er allereie tungt skattlagt gjennom høg grunnrenteskatt
- Vi er no på eit nivå som påverkar evna til å utvikle meir fornybar energi – i ei tid der dette er mangelvare




# Vasskraft: Stor auke i grunnrenteskatt

- Ein allereie høg sats for grunnrenteskatt (37%) blir auka til 45%
  - Tilbakeverkande kraft, frå og med 2022
- Med dette blir skatteprosenten for «stor» vasskraft på 67%
- I tillegg innføring av grunnrenteskatt på opprinnelsesgarantiar



# Vasskraft: Stor auke i grunnrenteskatt (forts.)

- Motivet bak skatteauken ser ut til å vere skattelegging av ekstraordinære inntekter som følge av høge prisar
- Men skatten rammar også selskap og eigarar i prisområde med mykje lågare prisar



Vasskraft:

## Ny høgprisskatt over 70 øre/kWh

- Ein ekstra skatt på 23% på kraftpris over 70 øre/kWh
- Dette betyr 90% skatt på kraftpris over 70 øre/kWh
- Skattelegging «time for time» som kraftig reduserer insentiva til investering i regulerbar kraftproduksjon



# Vindkraft: Grunnrente + meir til lokalsamfunna

- Ny grunnrenteskatt på 40% frå 2023, halvparten til kommunesektoren
- Ny naturressursskatt på 1,3 øre/kWh, derav 1,1 øre til vertskommune, resten til fylkeskommune
- Auke frå 1 til 2 øre/kWh i produksjonsavgift til vertskommune
- SFE meiner auka verdiskaping frå vindkraft til lokalsamfunnet er positivt
- Problematisk at skatten får verknad for allereie utbygde prosjekt
- Utfordrande å få lønnsemd i nye vindkraftprosjekt med ein omfattande grunnrenteskatt



Konsekvensar:

Frå +150 til -100 mill. i forventa resultat

- Rundt 250 mill. kr i auka skatt i 2022 ser ut til å gi eit negativt resultat på rundt 100 mill. kroner (prognose)
  - Auka grunnrenteskatt 2022: 70 mill.
  - Høgprisskatt 2022: 30-70 mill.
  - Rekneskapsført auke utsett skatt: 150 mill. (Lutelandet vindkraftverk ca 50 mill., vasskraftanlegga ca 100 mill.)



Konsekvensar:

# Rundt 2 mrd kroner i verdireduksjon

- Endringa i skattelegging gir ein verdireduksjon på SFE på 2 milliardar kroner
- Dette er i praksis verdier som vert overført frå SFE sine eigarar til staten



Østerbø kraftverk under bygging

Konsekvensar:

## Redusert insentiv for investeringar

- Konsept for rehabilitering av Øksnelvane må vurderast på nytt
- Konesjon på Bredvatn kraftverk truleg uaktuelt
  - Anlegg som vil tilby svært stor reguleringsevne

### Øksnelvane kraftverk:

- Rehabilitering
- Auke frå 28 til 65 MW i inst. effekt
- 22 nye GWh

### Bredvatn kraftverk:

- Nytt kraftverk i område med etablert produksjon i Ålfoten
- Konesjon
- 118 MW inst. effekt
- 67 GWh



Konsekvensar for **eigarane**:

## Verdireduksjon og lågare utbytte

- Kan vere uforsvarleg å nytte gjeldande utbyttefullmakt for 2021-resultatet
- Negativt rekneskapsmessig resultat for 2022 – mot prognose på 150 mill. – med tilhøyrande konsekvensar for utbytte
- Stor påverknad på resultat og utbytteevne også i åra framover



# Paradoks

- SFE har gjort omfattande investeringar i tråd med nasjonale styringssignal
- Fylkeskommune og kommunar investerte for få år sidan 216 mill. kroner i ny produksjon + har ført ein investeringsvennlig utbyttepolicy, men misser store deler av verdiskapinga denne investeringa skulle gi.
- Behovet for meir fornybar energi og meir regulerbar produksjon er svært stort, men skatteendringane reduserer insentivet for begge deler.

# Endringar vi må jobbe for

- Høgprisskatt:
  - Kan ikkje vere basert på time for time, men gjennomsnittspris
  - Uansett utgreie virkningane av denne skatten, og sende på høyring for innspel
- Grunnrenteskatten:
  - Eventuell auke utsettast til 2023, gjerast midlertidig, og med ein lågare auke i sats (maks 40% – lik havbruk og vindkraft, for å gjere ressurs- og teknologinøytral)
  - Men burde heller auke høgprisskatten i staden for grunnrenteskatten for å hente inn den reelle profitten



# Vidare prosess

- Grunnrente på vindkraft skal på høyring før årsskiftet
- Endring i grunnrente og høgprisskatt på vasskraft ein del av statsbudsjettet, som endeleg vedtas i desember

An aerial photograph of a Norwegian fjord, showing steep, rocky mountainsides with patches of snow and green vegetation. The water is a deep blue-green color. A dark, semi-transparent rectangular box is centered over the image, containing white text.

SPØRSMÅL ELLER KOMMENTARAR?